
Falkvord Lommannsson

1) Det var Torstein Davidson,
han ville til bryllaups bjode;
og det var Falkvor Lommannson,
han let sine hestar ringskoe.

-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

2) Det var årle om morgenon,
soli ho ryr i dalar,
opp stend Falkvord Lommannsson,
legg på forgylte salar.

-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

3) Ut kjem hass sæle mo'er,
tårir renn'e på kinn:
Høre aktas du av i dag,
du Falkvord, kjær sonen min?

-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

4) "Eg vil prøve mine hommenn,-
eg vil prøve min hest:-
eg vil taka att vivet mitt,
som Torstein Davidsson hev fest."

-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

5) Det var Falkvord Lommannsson,
han seg avgarde rei:
der grodde kje graset på femten år,
der hass grågangaren steig.

-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

6) Det var Falkvord Lommannsson,
han kom seg ri'and i gård,
inn så spring'e den lisle smådreng,
seie han tidend i frå.
-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

7) Inn så spring'e den lisle smådreng,
seie han tidend i frå.
"Her stand fullt tunet av hækledde menn,
og alle som duvone grå!"
-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

8) Og det var fruva Vendelin,
ho såg seg att yvi herd,
då såg ho Falkvord Lommannsson
med herskeleg stor'e ferd.
-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

9) "De takje av meg mitt hovudgull
og setje på silkje luve;
kjem han inn Falkvord Lommannsson,
han helsar meg fyr ei fruve."
-*Riddaren vågar han livet sitt fyr ei jomfru.*

[Høyr songen på www.folkedans.com \(mp3\).](http://www.folkedans.com)

Forklaringar:

Ringskoe: sko med ringforma hestesko. - **soli ryr i dalar:** morgonsols fargar liene raude. - **høre:** kvart. - **hommenn:** (= hovmenn) menn i tjeneste hjå ein høvding, ved hoffett. - **der grodde kje graset på femten år:** ei vanlig poetisk nemning i balladane. Det understrekar kor viktig ærendet er. - **ferd:** flokk, følgje. - **herskeleg:** stor, mektig. - **hovudgull - silkeljuve:** - gullet er prydnad for ei møy, luva for ei gift kvinne.

Opplysningar:

Denne visa blir rekna til dei historiske visene fordi ho har henta emnet sitt frå historiske hendingar i Sverige sist på 1200-talet. Ho høyrer til ein stor krins viser som fortel om sønene til lagmannen i Vestergøtland, Algot Brynjulfsson. Den hendinga som gav det viktigaste grunnlaget for visekrinsen, var at Folke Algotson i 1288 røva ridderdottera Ingrid Svantepolksdotter. Ho var trulova med den danske drosten David Torsteinsson. Folke rømde til Norge med henne.

Det er dette brurerovet som er hovudmotivet i vår vise. Vi høyrer at Torstein Davidsson (omlaging av David Torsteinsson) har fest Vendelin (Ingrid i den historiske hendinga) og førebur bryllaup. Men Falkvord Lommannsson (Folke har vorte omforma til Falkvord, og han var son til ein lagmann: lagmannsson - Lommannsson) bur seg på eitkvart. Vi høyrer at han striglar hestane sine. Ein morgen rid så Falkvord avgarde, og da mora spør kvar han skal av, fortel han at han vil ta att vivet sitt, det som Torstein Davidsson har festa. Da han kjem dit Vendelin held til, vil ho først gjøyme seg bort, men Falkvord kjenner henne att og tek henne med seg. Småsveinen rid med bod til Torstein Davidsson om kva som er hendt, og Torstein reiser etter Falkvord og Vendelin. På Demannsheii møtest dei og slæst. Falkvord vinn og Torstein må reise heimatt utan festarkvinna si.

Brurerovet i 1288 må ha skapt mykje oppstuss i Sverige på den tida, og det er grunn til å tru at det kan ha en viss samanheng også med den politiske drakampen i landet. Folke og Ingrid høyrde til to av Sveriges mektigaste ætter, og med David Torsteinsson var også dansk adel innblanda, så det var utan tvil ein stor skandale.